



KOPI

Harris Advokatfirma AS
Postboks 4115 Sandviken
5835 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/927 - 20/8810

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
18.02.2020

Oversender vedtak til endeleg klagebehandling ved settesfylkesmann - Toska - Skårnesvika naust og småbåthamn - detaljregulering - mindre endring - klagebehandling

SAKSUTGREIING

Saka gjeld klage over vedtak om godkjenning av mindre planendring i sak 16/882 i tidlegare Radøy kommune med saknr 047/2019, datert 18.09.2019.

Vedtaket har følgjande ordlyd:

«Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i Radøy kommune godkjenner mindre endring av detaljreguleringsplan for Skårnesvika naustområde Toska slik den ligg føre i revidert plankart datert 04.04.2019 og reviderte føresegner datert 23.08.2019. Vedtaket har heimel i Plan- og bygningslova § 12-14»

Kommunen har mottatt klage frå partane Jan Ove Toska (gbnr 443/4 - sjørett) og Richard Tangen (gbnr 443/79) over vedtak fatta av hovudutval for plan, landbruk og teknisk i tidlegare Radøy kommune, sak 047/2019, datert 18.09.2019.

Det ligg føre tilsvar/kommentar til klage frå forslagsstiller mottatt 25.11.2019.

Klagen frå partane er vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 05.02.2020, der Lindås kommune sitt vedtak datert 18.09.2019 vart oppretthaldt og klagen ikkje tatt til følgje, men med den endring at føresegnene vart harmonisert og endra.

Areal, plan og miljøutvalet i Alver kommune fatta følgjande vedtak:

«APM- 013/20 Vedtak:

Utval for areal, plan og miljø tar ikkje klagen til følgje.

I klageomgongen er det vurdert naudsynt å endre planføresegna, jf. forvaltningslova § 34. Vedtak om godkjenning av mindre endring av reguleringsplan Skårnesvika naust og småbåthamn, planid 12602016000500 blir omgjort. Utval for areal, plan og miljø godkjenner planendringen på vilkår om at pkt 1.1.1 i føresegna blir endra til:

«Naust i planområdet er knytt til tilgrensande bustader og fritidsbustader og parkering for nausta vert løyst på eigedomane. For BUN1 kan parkering alternativt løysast etter pkt. 2.1.7. Parkering innan parkeringsareal SPA er gjesteparkering. Det skal opparbeidast 3 gjesteparkeringsplassar i planområdet knytt til småbåthamn og naust. Min. 1 plass skal vere reservert for røyslehemma.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket er eit nytt enkeltvedtak som kan klagast på, jf. forvaltningslova §§ 28-36.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 34, jf. plan- og bygningslova § 12-14.»

Saka vert sendt Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd

Utval for areal, plan og miljø tok ikkje klagen til følgje. Administrasjonen viser til saksframlegget på side 2 og punktet om sakshandsamingsfrist annet avsnitt: « Om klagen ikkje vert teke til følgje vert saka sendt Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd så snart møtebok ligg føre, og seinast innan 2 veker etter møtedato.» Utval for areal, plan og miljø tok ikkje klagen til følgje. Saka skal difor sendast Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Ved ein inkurie (openbar feil) står det i vedtaket frå Utval for areal, plan og miljø at «Vedtaket er eit nytt enkeltvedtak som det kan klagast på». Administrasjonen presiserer at vedtaket ikkje er eit nytt enkeltvedtak som partane kan klage på då harmonisering av føresegnene ikkje medfører nokon realitetsendring i saka. Ein ny klage vil i alle tilfelle ta opp dei same tilhøva som det er klaga på. Dette vil gje partane ein ny og ytterligare klageadgang på dei same tilhøva som dei ikkje har krav på.

Merknad frå klager i høve sjørett for gbnr 443/4 – mottatt 05.02.2019 og vurdert av Utval for areal, plan og miljø same dag i møte den 05.02.2020

Klagar har påberopt seg sjørett for gbnr 443/4 (Jan Ove Toska er ein av klagarane). I saksframlegget under punktet «Vurdering», har administrasjonen vist til gbnr 443/3. I merknad frå klagar Jan Ove toska, datert 05.02.2020, er det vist til at korrekt gbnr i vurderinga er 443/4 og ikkje 443/3.

Ved ein inkurie er det i vurderinga vist til gbnr 443/3. Utval for areal, plan og miljø vart orientert om at det er gbnr 443/4 som har sjørett og ikkje gbnr 443/3. Grunneigar av gbnr 443/4 er nabovarsla av sækjar, sjå naboliste sendt inn av sækjar ved kommentar til klage:

Matrikelnr 1260 - 43/4	Eier/Festers navn TOSKA JAN OVE		
Eiendomsadresse	Adresse TOSKAVEGEN 595	Postnr	Poststed 5936 MANGER

Administrasjonen la til grunn at inkurien med feil henvisning til gards- og bruksnummer ikkje medførte nokon endring av vurderinga. Vurderinga og konklusjonen var lik. Grunneigar skal nabovarslast. Rettighetshavar skal ikkje nabovarslast. Administrasjonen la til grunn at merknaden frå klagar ikkje fekk nokon betydning i saka. Utval, for areal, plan og miljø la til grunn i møte den 05.02.2020 administrasjonen si vurdering av merknaden frå klagar.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Vestland ved settefylkesmann for endeleg avgjerd.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post tone.furustol@alver.kommune.no eller på telefon 56375401.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på plansak12602016000500 - Toska - Skårnesvika naust og småbåthamn - detaljregulering - mindre endring - klagehandsaming
Plansak 12602016000500 - Toska - Skårnesvika naust og småbåthamn - detaljregulering - godkjenning mindre endring
Gjeldande plankart
Gjeldande føresegner
Plankart revidert 04.04.19

Vedlegg:

Føresegner revidert 23.08.19

Mindre endring Skårnes Toska

Klage på plansak 12602016000500 - Toska - Skårnesvika naust og småbåthamn - detaljregulering - klage

Klage gjeldende PlanID 12602016000500

Vedlegg til klage - plansak 20/927 Id-12602016000500

Vedlegg til klage gjeldende PlanID

vedlegg

Mottatt merknad - Angående Klage på plansak12602016000500 - Toska

Forslag til vedtak kommunestyremøte 05022020

Plansak 12602016000500 - Toska - Skårnesvika naust og småbåthamn - detaljregulering - klage - kommentar

Kommentarer til klage

Kopi til:

Arild Klimek	Schweigårds vei 9	5063	BERGEN
Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSE N
Harris Advokatfirma AS	Postboks 4115 Sandviken	5835	BERGEN
Harris Advokatfirma AS	Postboks 4115 Sandviken	5835	BERGEN
Jan Ove Toska	Toskavegen 595	5936	MANGER
Richard Tangen	Toskavegen 591	5936	MANGER
Mottakarer: Fylkesmannen Vestland	Statens hus	6863	LEIKANGER